



Fyllingsdalen Teater

Dato: 18.09.2015

Vår ref.: 2015/2151-66

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Dykkar ref.:

## Fyllingsdalen Teater – tilsagn om tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar 2015

Vi har motteke dykkar søknad datert 30. april 2015. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har vedteke den 20.08.2015 (sak 125/15), å tildele kr 250 000,- til Fyllingsdalen Teater

Ved tildelinga for 2015 var det kr 5 779 000,- til fordeling. Det kom inn 11 søknadar innan fristen. Ved avgjerda av dykkar sak har Kultur- og ressursutvalet lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden.

Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med prosjektgrunnlag og plan for kostnader og finansiering, og i samsvar med vilkåra for tildeling i retningslinene (sjå link)

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Retningsliner-Vilkar-for-tildeling/>

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Det kan søkjast om delutbetaling etter framdrift og likviditetsbehov. Søknad om delutbetaling må innehalde ein statusrapport om framdrift av arbeidet
2. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoен på tilsegnsbrevet, vert inndrege.
3. Slututbetaling skjer etter at sluttrapport, ferdigattest og revidert rekneskap er sendt inn. Inntil revidert rekneskap og sluttrapport ligg føre, skal Hordaland fylkeskommune halde attende minst 10% av tilskotet. Sluttrapport må vise at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

Vedtaket kan pålagast i medhald av forvaltningslova § 28. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak knytt til spelemidlar løyvd gjennom desentralisert ordning for kulturbygg. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsak til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti  
Fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar  
Leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*